



PROGRAM

Kommunestyrevalet 1995



Høyanger RV sitt arbeid 1991 - 1995	s. 2
Høyanger RV sitt program 1996 - 1999	s. 4
Høyanger RV si valliste 1995	s.11

SKILNADEN PÅ RV OG ANDRE PARTI

RV har vore representert i Høyanger kommunestyre i snart 12 år - sidan 1984. Vi har heile tida hatt berre 1 representant. Det seier seg sjølv at det er avgrensa kva RV har fått vedteke.

Når mange veljarar likevel ønskjer RV inn i kommunestyret er det fordi partiet står for noko anna enn dei andre partia. Det har vist seg på mange område:

RV har meir enn andre stilt kritiske spørsmål ved kommunen sin tilsetjingspolitikk. I nokre tilfelle, som tilsetjing av ordførar Lillehaug som rådmann og (vara)ordførar Bye Stavang som helse- og sosialsjef, såg alle at det var partitilsetjing, kjennskap og venskap. I andre tilfelle har det vore meir skjult. DNA har ikkje vore særleg begeistra for RV sine kritiske spørsmål. Vi trur veljarar flest sette pris på at RV gjorde det.

RV har ikkje godteke anna teieplikt enn den som har med personvern å gjere. RV vil bryte teieplikt som har til føremål å dekke over feilsteg og maktmisbruk frå kommunetoppar. Eit døme er rådmannen si utbetaling av overtidsgodtgjersle til helse- og sosialsjefen. RV meinte veljarar flest hadde krav på å vite dette og sytte for at Sogn Dagblad fekk saka. Vi trur veljarar flest syntest det var bra at det kom for ein dag.

RV var åleine om motstanden mot den stadige auken i kommunale avgifter og straumprisar. Unnataket har vore ein og annan enkeltperson. Vi har meint at det er uakseptabelt at kommunestyret skal overgå det private næringslivet i prisauke. Samanlagt med foreldrebetalinga har desse kostnadane auka med 33 % 1991-95 medan løna har auka med 8,1 %. Det vil seie at resultatata av lønsoppgjera har vorte sterkt svekka på arbeidsfolk sin kostnad. RV har stått åleine om å gå mot dette. Vi trur veljarar flest er samde med oss.

RV har gått inn for gradert foreldrebetaling til barnehagane, dvs. etter foreldra si inntekt. Slik var det før, og på riksplan vert dette no vurdert tilrådd. I Høyanger har RV stått åleine om dette. Vi trur fleirtalet ser det som ei rettferdig ordning at dei som tener mest skal betale mest.

RV har stått åleine om å gå mot eigendelar på helse- og sosialtenester. Vi meiner det er urimeleg at folk som har helsemessige og sosiale påkjenningar også skal kome dårlegare ut økonomisk enn "friske". Eigendelane svekkar også prinsippet om lik rett til slike grunnleggande tenester. Vi trur veljarar flest er samde med oss.

RV stilte framlegg om at verksemder må ha tariffavtale for å kunne utføre arbeid for Høyanger kommune. Fagsamskipnaden, fellesorganet for LO-organiserte i Høyanger, hadde kravd det same. RV stilte framlegget i samband med ombygginga av Høyanger skule. Berre eit fåtals representantar støtta dette framlegget. Vi trur fleirtalet av organiserte er samde med framlegget som RV stilte.

RV-representanten har vore åleine om å ville reduksjonar i politikargodtgjersla. Vi synes det er urimeleg at kommunestyrerepresentantar skal ta seg betalt for frivillig arbeid medan medlemane i lag og organisasjonar ofte må legge ut av eiga lomme. Medlemar av frivillige lag, t.d. idrettslag og sanitetslag, gjer gratis arbeid for å aktivisere andre og for å bygge trygdebustader. Politikerar tek seg betalt for å flytte pengar frå eit budsjett til eit anna. RV påpeika at kommunestyret, ved å halde møta på kveldstid, kunne spare mellom 200 og 300.000 kr som kunne kome til nytte til andre betre føremål; t.d. 1 stilling i heimesjukepleien. RV vart åleine om dette. Vi trur folk flest er samde med oss.

RV har også i mange andre samanhengar vorte ståande åleine anten det gjeld for påplussingar på budsjettet (stillingar i heimesjukepleien) eller mot nedskjeringar (på barnehage-/skulebudsjettet). Vi har stadig vorte kravd svar på kor vi vil hente pengane. I andre høve har det ikkje mangla på pengar:

- økonomisk stønad til milliardverksemda Hydro i samband med etableringa av Leira Næringspark
- dekking av varaordføraren si private gjeld (Giil sitt engasjement i Høyanger Tre og Vindu).

RV har røysta mot Hydro-løyvinga og mot å akspetere "Giil-pakken". Vi trur folk flest har same standpunkt som oss.

Konklusjon

Døma ovafor syner korleis RV sin politikk skil seg frå andre parti på nokre av dei sakene kommunestyret avgjer. RV sitt varemerke er ei kritisk haldning til det som administrasjonen har tilrådd og som DNA-fleirtalet sluttar seg ukritisk til. Dette kan illustrerast med eit lite avisutklipp frå Sogn-Dagblad:



Varaordfører Ingebjørn Giiil (Ap) var irritert på det han kalla for mis-tenkeleggjering frå Rysjedal si side.
- Dei som har tilrådd har gjort ein god jobb.
Rysjedal stiller ubehagelege spørsmål som sår tvil om tilrådinga. Det er uheldig.

Av og til kan det vere freistande og skrike ut !

RV sin kanskje viktigaste funksjon er at vi stiller ubehagelege spørsmål mot dei administratorane som tilrår og dei politikarane som legg seg flate for tilrådingane. Det som verkeleg er uheldig er at det er for få RV-representantar i kommunestyret til å snu politikken. Men med DI røyst kan RV få 2 representantar. Det er ikkje nok til å snu politikken, men vi skal garantere at dei kritiske og ubehagelege spørsmåla skal verte fleire og framfor alt; vanskelegare å vri seg unna. Det trengst! Og DI røyst trengst!

RV SITT PROGRAM

INNLEIING

Raud Valallianse (RV) stiller til val for å fremje og stø det arbeidande folket sine krav til Høyanger kommune. RV lovar korkje gull eller grøne

skogar, eller at programmet skal verte innfridd. Programmet syner berre kva standpunkt RV har til nokre av dei sakene vi ser som viktige i komande periode. Vi har valt å konsentrere oss om overordna saker framfor ei endelaus rekkje med lovnader omkring konkrete saker. Desse overordna standpunkta, saman med oversynet "Skilnader på RV og andre parti", uttrykkjer korleis RV vil stille seg til dei fleste stridsspørsmåla i komande periode.

PLANARBEID OG NÆRINGSUTVIKLING

RV vil arbeide for ei kursending der miljø og økologisk berekraft er eit hovudmål for både planarbeid og næringsutvikling. Det er ein dyr snuoperasjon som vil stille krav til både enkeltmennesket, kommunen og næringslivet. Det er berre å la utviklinga halde fram, som vil verte dyrare. Ein kan ikkje betale seg frå eit økologisk samanbrot.

Planarbeid som tek utgangspunkt i miljø og økologisk berekraft inneber m.a.:

- at kommunen gjennom vedtak og oppfølging tek vare på og utviklar både heilskapar og enkeltelement; dyrka/dyrkbar jord, utmarksområde, landskapsverdiar og moglegheiter til friluftsliv
- at kommunen aktivt hindrar urimelege inngrep i desse områda

Kommunen må følgje opp dette når det gjeld :

- eigne investeringar i og drift av bygningar (t.d. ENØK), anlegg (t.d. kloakkplanen), bustadområde, friluftsområde og infrastruktur
- kommunen si handsaming av anna offentleg og privat verksemd (t.d. Hydro).

Når det gjeld næringsutvikling har kommunestyret gjort vedtak om at: *"Næringsplanen må ha målsetjinga om ei økologisk berekraftig utvikling som premiss og den praktiske næringslivspolitikken må leggje avgjerande vekt på å utvikle eit grønt næringsliv."*

Dette må no få si oppfølging ved at :

- næring som verkeleg treng støtte må få det framfor verksemdar som har ei sterkare ryggrad; t.d. Hydro-verksemdene
- næring som baserer seg på fornybare ressursar/råvarer må prioriterast framfor næring som baserer seg på ikkje-fornybare ressursar
- næring som baserer seg på lokale ressursar/råvarer må prioriterast framfor næring som baserer seg på "kommune-importerte" ressursar/råvarer
- næring som leverer produkt på ein lokal eller kommune-nær marknad må prioriterast framfor næringar som baserer seg på fjernare marknader eller eksport
- næring som har eit godt arbeidsmiljø og utgjer ei lita påkjenning mot naturmiljøet må prioriterast framfor næringar som ikkje tek "miljø på alvor".

HELSE- OG SOSIALTENESTER

Prinsipp

Både helsetenester og sosialomsorg trenst fordi det er

- tilhøve i samfunnet som ikkje er som dei skal vere
- grupper av menneske som treng ekstra omsorg

RV går difor inn for førebyggjande arbeid, det vil seie eit arbeids- og fritidsmiljø som gjev helse- og sosialmessig tryggleik. Helse- og sosialsektoren må innrette meir av verksemda si på å gje folk moglegheit til å endre livssituasjonen og levemåten sin til det betre. Livssituasjonen og levemåten må endrast i mindre helse-/sosialtiltak-krevjande retning.

På den andre sida krev RV at det offentlege betalar kostnadane med å utbetre dei helseskadane som folk er påført og dei sosiale tiltaka som trenst. RV er grunnleggjande mot privatisering fordi det er umoralsk at det skal tenast pengar på helse.

RV vil at alle skal ha lik rett til helse- og sosialomsorg. Difor vil vi fjerne eigendelar som gjer at tilbodet varierer med lommeboka.

Manglande utbygging av helse- og sosialomsorga rammar ikkje berre den som treng omsorga direkte. Det gjer at familiemedlemar, som regel kvinnene, må gjere ekstraarbeid - ubetalt eller underbetalt. Også difor meiner RV at det offentlege må ta større ansvar.

Dei fleste helse- og sosialtilsette har både tungt arbeid og dårleg løn. RV står difor den kampen fagforbunda fører for fleire stillingar og betre løn.

RV vil legge desse **prinsippa til grunn for alle enkeltdelar av helse-/sosialomsorga**.

Eldreomsorga spesielt

Og^å i komande valperiode er det eldreomsorga som vil krevje den største merksemda. RV meiner at dei eldre som ynskjer det, skal kunne bu lengst mogleg i heimen. RV meiner at størstedelen av eldreomsorga skal skje utanfor stitusjon. Dette krev :

- sjukepleie på heilkontinuerleg skift. Det bør skje ved å tilsetje fleire pleiarar som såleis har ansvar for eldre både på og utanfor sjukeheimen (heimesjukepleie). På den måten kan behova, livsituasjonen og ønskja til dei eldre verte best klarlagt - og teke best omsyn til utfrå ei totalvurdering
- utbygging av trygdebustader i tilknytning til sjukeheimane. Dette bør skje ved offentleg innsats og ikkje ved at ansvaret vert overlete til ideelle organisasjonar. Eldre med særleg stor omsorgstrong må ha førsterett til dei sjukeheimsnære trygdebustadane
- eit fungerande dagsenter som gjev eldre styrke til å klare eit lenger liv utanfor institusjon. Det dreiar seg både om fysisk og psykisk styrke gjennom terapi og sosialt samvere tilpassa den enkelte sine behov

Sjukeheimane sin fleirmannsrom må bort; pleietrengande har rett til privatliv. Senil demente-avdeling på Kyrkjebø må realiserast m.a. ved å gje dei tilsette kurs og utdanning tilpassa dette.

GODE OPPVEKST-VILKÅR

Barnehage- og skuletilbodet er avgjerande viktig for born og unge sine oppvekstvilkår. Barnehagar og skular er også viktig for foreldra, det vil seie storparten av vaksne samfunnsmedlemar. Kvaliteten på tilbodet seier difor noko om livskvaliteten i bygda, kommunen og samfunnet.

Samstundes er barnehagar og skular ein stor arbeidsplass. Totalkvaliteten er difor også avhengig av dei tilsette sine arbeids- og lønstillhøve.

RV vil framleis arbeide for eit betre barnehagetilbod tilpassa ungane og foreldra sine behov:

- barnehageplassar til dei som treng det
- tilsetjing av barnehagekvalifisert personale
- foreldrebetaling meir tilpassa den enkelte sin økonomi.

RV vil framleis arbeide for eit desentralisert og heimenært skuletilbod. Skular er også borna sin "arbeidsplass" og må vere ein stad dei trivst. Dette oppnår vi best med heimenære skular. I dei fleste bygdelag spelar skulen også ei rolle utover undervisning; den er eit kultursenter.

For RV er det avgjerande at skulen er eit godt pedagogisk tilbod. Dette stiller krav om at :

- skulen til ei kvar tid har tilgang til det beste av lærebøker og anna utstyr
- lærarar må få betre moglegheit til kurs og oppdatering
- tilsetjing av utdanningskvalifisert personale

RV vil ha ei sterkare satsing på oppvekst- og ungdomsarbeid. Prioriteringane i ungdomsplanen må realiserast. Eit Ungdomens hus i Høyanger må startast i komande valperiode. Utanom Høyanger tettstad må det satsast på ungdomsklubbar i samarbeid med skulane.

I eit samfunn som set stadig større krav til foreldra, både i arbeidslivet og elles, kan barna lett bli taparane. RV krev at difor at barnevernet vert tilført meir ressursar så dei kan gjere ein best mogleg jobb.

**RØYST RAUD VALALLIANSE
VED KOMMUNESTYREVALET 1995 !**


HØYANGER RAUD VALALLIANSE SI LISTE

TIL KOMMUNESTYREVALET 1995.

1	Adjunkt	Magnar Wøien	Høyanger
2	Adjunkt	Magnar Wøien	Høyanger
3	Miljøleiar	Einar Rysjedal	Høyanger
4	Miljøleiar	Einar Rysjedal	Høyanger
5	Hjelpepleiar	Randi Aven	Høyanger
6	Hjelpepleiar	Randi Aven	Høyanger
7	Industriarbeidar	Ottar Uglum	Høyanger
8	Industriarbeidar	Ottar Uglum	Høyanger
9	Industriarbeidar	Arild Ullebø	Høyanger
10	Industriarbeidar	Arild Ullebø	Høyanger
11	Førskulelærer	Berit Karin Løland	Høyanger
12	Førskulelærer	Berit Karin Løland	Høyanger
13	Sjukepleiar	Eli Gudvangen	Høyanger
14	Industriarbeidar	Per Martin Gudvangen	Høyanger
15	Hjelpepleiar	Vidar Halvorsen	Kyekjebø
16	Kontorassistent	Rita Kvamme	Høyanger
17	Førskulelærer	Siv Kvamme	Høyanger
18	Styrmann	Arvid Løland	Høyanger
19	Laborant	Svein Rune Moi	Høyanger
20	Fabrikkarbeider	Terje Norevik	Høyanger
21	Småbrukar	Ivar Orvedal	Måren
22	Hovedlærer	Audun Rørvik	Høyanger
23	Industriarbeidar	Jan Sæbø	Høyanger
24	Industriarbeidar	Arne Søgne	Høyanger
25	Industriarbeidar	Geir Thommaseen	Høyanger
26	Elektrikar	Per Helge Vangsnes	Høyanger
27	Pleiar	Tor Widsten	Kyrkjebø
28	Industriarbeidar	Jan Henning Øyehaug	Høyanger
29	Student	Leiv Hellebø	Kyrkjebø



MED FOLK - MOT MAKTA



STEM INN TO OPPRØRARAR

